



**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Arkiton as

PB 9 Slåtthaug  
5851 BERGEN

**Dykkar ref.**

**Vår ref.**

2011/1917 - 0 -  
15441/2012

**Arkivkode:**

137/471

**Sakshandsamar:**

Benjamin Hicks

**Telefon**

56375000

**Dato:**

25.06.2012

*Delegert sak*

### **Igangsettingsløyve - gbnr 134/471 Hilland - bustad 22-25**

Arbeid godkjent i rammeløyve av 11.01.2012 vert nå tilleite sett i gong i samsvar med. Arbeidet omfattar berre oppføring av bygningen. Teikningar mottekne den 08.06.2012 vert godkjente. Avstandskrava i pbl § 29-4 gjeld. Eigen søknad om mur- og terrengarbeid vert etter avtale sendt inn av ansvarleg søkjar i samband med søknad om interne gangvegar.

Løyvet omfattar også godkjenning av ny(e) søknad(er) om ansvarsrett som vist under avsnittet "Ansvar og kontroll".

Arbeid må ikkje utførast utover det som er omfatta av igangsettingsløyvet.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

1. Det må sendast inn situasjonskart i samsvar med ugreiinga under innan **15.07.2012**. Teikningar med feil/manglar må rettast opp og sendast inn.
2. Før ferdigattest/bruksløyve vert gjeve, må det leggst fram tinglyst erklæring på at bustad 22, 23, 24 og 25 vert sikra 2 biloppstillingsplassar kvar i parkeringskjellar P4. Dette utgjør til saman 8 biloppstillingsplassar.
3. Vi ber om at det vert dokumentert korleis TEK § 14-7 er ivareteken i prosjekteringa då det ikkje er skildra pipe innan **15.07.2012**.
4. Vi ber at avviksmelding frå Betongentr. T. Dale AS og Vassbakk & Stol AS vert sendt inn innan **15.07.2012**.

#### **Vilkår i rammeløyve for igangsetting:**

*"Før igangsettingsløyve vert gjeve, skal følgjande dokumentasjon vera sendt inn og godkjent av bygningsstyresmaktene:*

- 1) Det må leggst fram erklæring frå grunneigar på at Arkiton AS har dei privatrettslege rettar som søknaden føresetter.
- 2) Det må leggst fram rekneskap som er godkjent av Teknisk drift, for kor langt ein er komme på reinseanleggkvote på 135 einingar (jfr utbyggingsavtale).
- 3) Det må leggst fram dokumentasjon frå Teknisk drift på at gjenstående fellesanlegg frå førre delprosjekt er ferdig bygd.
- 4) Det må leggst fram tinglyst erklæring på at bustad 22, 23, 24 og 25 vert sikra 2 biloppstillingsplassar kvar i parkeringskjellar P4. Dette utgjør til saman 8 biloppstillingsplassar.
- 5) Det må leggst fram dokumentasjon på rett til påkopling av privat avlaupsanlegg, samt avtale om drift og vedlikehald av anlegget.
- 6) Det må sendast inn lengdeprofilar og anna teikningsmateriell for omsøkte murar og utvendige konstruksjonar.
- 7) Det må sendast inn terrengprofil som viser eksisterande og planlagd terreng langs fasadane og fram til krosspunkt mellom nytt og gammalt terreng - og fram til eigedomsgrense.
- 8) Det må sendast inn utomhusplan til godkjenning. Utomhusplanen må vise at det vert opparbeidd 150 m<sup>2</sup> MUA for leik og rekreasjon for kvar buening. Areala må vere eigna til føremålet. Utomhusplanen skal omfatte byggetomta samt FG7. Det må dokumenterast at kravet til uteopphaldsareal er stetta.
- 9) Det må opplysast kva for bustader innanfor felt 6 som skal ha trinnfri tilkomst.



10) Bustadspesifikasjon i matrikkelen må sendast inn ferdig utfyllt.

11) **Dersom det ikkje vert søkt om dispensasjon må det sendast inn eit endra teikningsmateriale som viser, mellom anna, at byggverka vert plassert i samsvar med reguleringsplanen og dette løyvet.**

Vilkår 1, 2, 3, 5, 7, 8, 9, 10, 11 er stetta. Vilkår 4 og 6 er ikkje stetta.

Etter telefonsamtale med ansvarleg søkjar er det avtalt at det vert sendt inn søknad for interne gangvegar, og sendt inn nytt situasjonskart som, mellom anna, viser avstanden frå bygningen til nærmaste nabogrenser i målestokk 1:500. Avstandskrava i pbl § 29-4 gjeld. Parkeringsdekking i P3 er ikkje i samsvar med reguleringsplanen eller gjeven rammeløyve. Det er vidare ikkje sett av nok biloppstillingsplassar. Vilkår nr. 4 må stettast seinast ved søknad om ferdiggattest/bruksløyve.

### Søknad om igangsetting

Søknad om igangsetting vart motteken den 08.06.2012. Byggblankett 5175 er revidert, og det er sendt inn nye teikningar i samsvar med vilkår i rammeløyvet. Gjennomføringsplan og ansvarsretter vart mottekne den 21.06.2012.

### Teikningar

Profil P-2 og P-5 og snitt A-A har feil/manglar og må rettast opp.

### Energikrav

Vi ber om tilbakemelding om korleis TEK § 14-7 er ivareteken i prosjekteringa då det ikkje er skildra pipe på innsendt teikningsmaterieill.

### Ansvar og kontroll

Føretaka under er tidlegare godkjent for ansvarsrett. Ved søknad om igangsettingsløyve er det gjort følgjande endringar (søknader motteken den 21.06.2012):

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L	Ny
SØK	1		Arkiton AS	951900923	S	
PRO	1	Arkitektur	Arkiton AS	951900923	S	
PRO	1	Sanitærinstallasjonar	Hjelmås VVS AS	988410586	S	x
UTF	1	Sanitærinstallasjonar	Hjelmås VVS AS	988410586	S	x
UTF	1	Utstikking	Anko AS	980538613	S	x
UTF	1	Grunnarbeid	ISDALSTØ Anleggsservice AS	978694363	S	x
UTF	2	Anlegg, sprengingsarb.	Vassbakk & Stol AS	927048841	S	x
UTF	2	Betongarbeid	Betongentr. T. Dale AS	994515314	L	x
UTF	1	Membranarbeid våtrom	Bergen Murerservice AS	994851004	L	x

S; Sentral godkjenning, L; Lokal godkjenning.

Vassbakk & Stol AS har søkt om funksjonen kontroll. Føretaket har fått godkjent ansvarsrett for anlegg og sprengingsarbeid. Kommunen kan ikkje gje føretaket ansvarsrett for kontroll for same ansvarsområde. Vi gjer merksame på at i dette løyvet er det ikkje godkjent oppføring av konstruksjonar som ikkje er ein del av bygningen. Føretaket har ikkje søkt om noko prosjekteringsarbeid. Føretaket har likevel erklært at "Ansvarlig prosjekterende erklærer at prosjekteringen skal være planlagt, gjennomført og kvalitetssikret i henhold til pbl". Vi ber om tilbakemelding om dette avviket.

Betongentr. T. Dale AS har som om funksjonen UTF/KUT for betongarbeider. Kommunen kan ikkje gje føretaket ansvarsrett for kontroll, mellom anna fordi føretaket ikkje er sentralt godkjent. Kommunen har ikkje krevd kontroll. Vi ber om tilbakemelding om dette avviket.

**Gebyr**

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ for **2012**.  
Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Skildring	Antal	Beløp
Tilleggsgebyr. Middels. (tid < 2 dagsverk)	1	<b>7.600</b>
<b>Totalt gebyr å betale</b>		<b>7.600</b>

**Klagerett**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Einar Urheim  
fagleiar byggesak

Benjamin Hicks  
rådgjevar